



# Informasjon

4/2021

Molde SVs informasjonsbulletin

Oktober 2021

## Leder – Oscar Toft



### **STORTINGSVALET 2021**

Da er stortingsvalet 2021 historie. For Molde SV sin del var det ein suksess. I Molde fekk SV 1599 stemmer, 9,1% av stemmene, ein framgang på 530 stemmer samanlikna med stortingsvalet 2017. Det er ein framgang på 49,5%.

Saman med resten av SV-arane i fylket fekk vi Birgit Oline på tinget. Det gjekk som me håpa, men ikkje visste om me skulle tørre å tru.

Eg vil nytte høvet til å takke alle for innsatsen under valkampen; Politikarane, lokallagsstyret, dei som har stått på stand, dei som har teke del med baking og med andre viktige tenester, dei som har dreve med sosiale media, dei som har støtta kampen økonomisk, dei som hadde sagt frå at det var noko dei kunne bidra med, men som vi ikkje hadde høvelege oppdrag til denne gongen og sist, men ikkje minst, alle de som bidreg med å vere medlem og gir inspirasjon til å stå på for eit parti i framgang.

### **KOMMUNEBUDSJETT 2022**

Eg vil minne om at arbeidet med kommunebudsjettet for 2022 er i gang. Dette er ein viktig prosess, og du kan rekne med at det vert kalla inn til medlemsmøte i den samanhengen.

### **Oscar Toft**

Styreleiar  
Molde SV

SV stoff fra forskjellige kanaler

Audun Lysbakken – SV facebook/instagram:



SVs nye Stortingsgruppe, vår egen Birgit Oline Kjerstad nr. 3 fra venstre bak. (Bildet tatt fra Facebook)

Her er SVs nye stortingsgruppe! Denne gjengen skal jobbe knallhardt dag ut og dag inn de neste fire årene. Vi vet at vi går på jobb på vegne av alle de 228 063 som stemte SV. Vi vet vi har dere i ryggen, og vi skal gjøre alt vi kan for å gjøre oss tilliten verdig. Målet? Et Norge for de mange - ikke for de få.



Den danske avisen Dagbladet Information hadde 15.september en klar melding til de norske regjeringsforhandlingene på fremsiden: «Kjære Norge, hvis ikke dere som har et oljefond på 12.000 milliarder kan gjennomføre et raskt grønt skifte, så kan ingen».

SV gikk inn i regjeringsforhandlingene for å kjempe for lavere utslipp og en grønn framtid. Ap og Sp ville dessverre ikke være med på det taktskiftet som trengs i klimapolitikken. Derfor rykket vi inn denne annonsen i ferskeste utgave av Information. Vi fortsetter å kjempe for det grønne skiftet fra Stortinget.





## Netthets og debattklima

Svein Erik Jensen skreiv eit godt innlegg i SVI 3/2021 med tittelen Det er ingen skam å snu i tide. Om du ikkje har lest det enno, oppfordrar eg deg til å finne det fram og lese det.

Eg ønskjer å bygge litt vidare på det Svein Erik er inne på. Korleis diskuterar vi med meiningsmotstandarar? Er netthets eit demokratisk problem? Flyttar vi grenser for kva vi tillet når diskusjonane er digitale? Kva skjer når digitale møter blir fysiske igjen?

Netthets er den største trusselen mot ytringsfridommen sier generalsekretær i Amnesty, John Peder Egenæss, i ei pressemelding. Ein rapport frå Amnesty viser at det er særleg unge politikarar og aktivistar som blir utsett for hatefulle og diskriminerande kommentarar. Fire av ti politikarar har opplevd netthets, og Amnesty meiner hetsen mot politikarar er eit alvorleg demokratisk problem.

Det er fleire døme på at unge politikarar blir hetsa: Lan Marie Berg har måtte tåle mykje, og seinast dagen etter årets stortingsval trekte 24 år gamle Vetle Langedahl seg. Han var Høgre sin førstekandidat i Finnmark og opplevde å bli bedd om å dra til helvete, få nedsettande kommentarar om utsjånad og alder, og å bli spytt etter på stand.

Valforskar, Jonas Stein ved UiT Norges arktiske universitet, hevdar at få trekkjer seg frå politikken. Men kor mange vegrar seg for å engasjere seg og gå inn i politikken når netthets er eit aukande problem?

Privatpersonar som bla. skriv hetsande kommentarar i sosiale medier og på nett ellers, bør ein anmelde til politiet. Men korleis står det til med folkevalde, lokale politikarar? Raudsandsaka og Møreaksensaka er saker som har vekt stort engasjement og høg temperatur i kommentarfelta og i sosiale medier, uansett på kva side ein står. Er politikarane dyktige og påpasselege nok til å sjekke egne kommentarfelt og diskusjonstråder på t.d. facebook? Kva skal ein tillate? Kor går grensene? Tillet ein sjikane og personhets, og bidreg ein sjølv til dette?

Sidan koronapandemien starta har politiske møter vore digitale. Har det vore med på å gjere diskusjonsklimaet

skarpere og meir oppheita? Forskarar ved Institutt for samfunnsforskning hevdar i ein kronikk i Aftenposten 27.01.2021 at ingen av dei personane som har delteke i eit forskingsprosjekt på deltakarar i harde nettdebattar ser på seg sjølv som "netttroll", sjølv om dei innrømmer å ha drive med netthets. Alle deltakarane peikar på ulike gradar av anonymitet som hovudårsak til at debattar endar i hets og sjikane, ikkje berre på grunn av enkeltpersonar, men ein eskalerande debattodynamikk der grenser blir utfordra og flytta. Er det den digitale debattodynamikken som er årsaka til at diskusjonsklimaet har hardna til i lokalpolitikken her i Molde? Tillet ein seg å uttrykke seg annleis bak ein skjerm enn når ein diskuterar andlet til andlet?

No er samfunnet opna opp att, og ein har starta opp med fysiske politiske møter igjen og i Romsdals Budstikke kan ein laurdag 02.10.2021 lese i (FRIHELG) der Ole Bjørner Loe Welde skriv i overskrifta: Krass debatt kan skremme. Der nemner han Sissel Kruse Larsen, som går hardt ut mot debattkulturen i Kristiansund, og underteikna, som fekk ein del sjikanerande meldingar under årets valkamp. Han problematiserar óg den konfronterande og tidvis ampre debatten i siste kommunestyremøte, der han skriv at form kan overskygge budskap.

Eg har stilt fleire spørsmål i dette innlegget og sit ikkje med svar. Målet mitt er å løfte dei fram slik at kvar og ein av oss kanskje kan tenkje oss litt om før vi skriv eller snakkar. Kanskje kan vi ordlegge oss annleis og likevel få fram budskapen?

Diskusjonar er bra og diskusjonar skal vi ha. Vi skal kunne vere ueinige, så lenge vi diskuterar sak og ikkje person.

Både i politikken og i samfunnet elles er det viktig å ha gode debattantar - unge og gamle, uansett kjønn, hudfarge og kva ein meiner og trur på. Kan ein sjølv vere med på å skape godt debattklima?

Eg oppfordrar alle medlemmane i Molde SV til å bidra til gode og inkludrande debattklima, digitale og fysiske. Ta godt vare på dei unge røystene, så får vi kanskje høyre fleire gode innlegg slik vår eigen kommunestyrerepresentant, Thilde Fosseide Thomsgård, i sist kommunestyremøte.

God debatthøst!

**Britt Ovesen**

Kommunestyrerepresentant SV



### Audun ridende inn

Valgkampen 2021 er forbi, og for en valgkamp det ble. Sakene våre slo godt an og skapte flere overskrifter, partilederen vår fikk toppede terningkast i hver en debatt og fylket vårt viste seg ikke å være så dominerende blått som enkelte antok. Hvordan kom vi hit?

Vi starta for vår del med nominasjonsmøtet i november, og deretter gikk det slag i slag. Etter valgkampskolering i juli, var alle sjanser skjerpet for å trække til på stands og andre spillopper. Førstekandidatene fór rundt i alle fylkets hjørner, og som så mange ganger før kom Audun ridende inn på den hvite hest (Vestnesferja), og kastet glans over tannhelsereform, gratis SFO og et kraftig nei til Møreaksen.

Folk sto på i valgkampen. SV var alltid først til å sette opp teltet på stand. At det regnet litt et par lørdager var ingen hindring. Folk bakte, sang og danset. Barna fikk sette hale på grisen og noen riktig små fikk sin første voksne tannbørste med SV-logo på, vel vitende om at Tann-Leif var Molde SV sin nye maskot (tannkostymet).

De andre partiene så til SV og lurte på hvor vi hentet inspirasjonen og gleden fra. Svaret ligger i at vi er det beste laget og vi vet godt vi har den beste politikken. Når vi bestemmer oss for å vinne valget, så klarer vi dette! Når alle står på og trekker i samme retning gjennom valgkampen, så er mindre uenigheter og programdiskusjoner så godt som glemt. Det er godt å være med i SV ❤️❤️

Vi gleder oss til fortsettelsen, og har allerede begynt så smått å snakke om kommunevalget i 2023. Vil du bli med på denne diskusjonen, så gi klar beskjed. Det vil bli både medlemsmøter og gruppemøter med dette som tema før nominasjonsmøtet om et års tid(!). Mye av grunnen til gode valgkamper er god aktivitet mellom valgene. Bli med og bli aktiv da vel 😊

**Kim Thoresen-Vestre**

2.kandidat

### BEDRE SENT ENN ALDRI!

En påminnelse til deg som ennå ikke har betalt medlemskontingenten for 2021, det er ikke for sent å gjøre det nå. Lokallaga er fundamentet i partiet. Molde SV er et av de største lokallaga i landet, og det suverent største i fylket. Vi ønsker selvsagt flest mulig aktive medlemmer, men ditt bidrag kan selvsagt også være å kun være medlem og ellers stille opp for lokallaget når/hvis du har lyst!

### Ingolf



### Red

**Med håp om at alle som skriver kan sende inn innlegg til redaksjonen minst 1 uke før utgivelse.**

### Takk!

**Gunn F.**

[figun@online.no](mailto:figun@online.no)



«KIRKENS ØYENVITNER I PALESTINA - VERDIER OG VEIVALG»

**Åpent og gratis møte** i foajéen på Molde videregående skole  
**torsdag 14. okt. kl.1930**

**Ingeborg Midttømme**, biskop i Møre bispedømme:

«For om ett lem lider, lider alle de andre med».

Bildepresentasjon fra Vestbredden 2019 som styremedlem i Kirkens Nødhjelp.



**Håvard Sporastøyl**, HR-rådgiver i Kirkerådet og ledsager i Kirkenes Verdensråd (EAPPI) i 2019

«Kampen om landområder». Bildepresentasjon fra Vestbredden.



**Lise Martinussen**, prest i Trondheim og styremedlem i Sabeel Kairos Norge, nettverk til støtte for palestinske kristne i Palestina og Israel

«Rettferdig fred for Israel og Palestina, hva sier Bibelen og hva sier internasjonale lover.»



Salg av palestinsk håndverk. Pause med enkel servering.

**Arrangør: Palestinakomiteén i Romsdal**